

Vinnaren av den kvenske språkprisen for 2021 er Kvääninuoret – Kvenungdommen.

Kvääninuoret – Kvenungdommen er ein landsdekkande partipolitisk uavhengig ungdomsorganisasjon, underlagd NKF-RK (Norske kveners forbund – Ruijan kvääniliitto), stifta i 2008. Kvääninuoret jobbar for å skape møteplassar for kvensk ungdom og styrke kvensk ungdomsidentitet og -kultur. Noverande leiar er Åsne Kummeneje Mellem.

Kvääninuoret har eit sterkt engasjement for vern, fremjing og utvikling av det kvenske språket i sine ulike variantar, ikkje berre på tradisjonelt munnleg og skriftleg vis, men òg i meir moderne digitale samanhengar, der Kvääninuoret har vore aktive pådrivarar for bruk av Internet. Kvääninuoret gjer såleis ein sær viktig jobb for å føre det kvenske språket inn i framtida, både ved å stø opp om kvensk hos den generasjonen som skal ta språket med seg vidare, og ved å bringe det kvenske språket inn på notidas og framtidas språklege arenaar.

Kvääninuoret nyttar i stor grad kvensk språk på nettsidene sine i sosiale medium (Snapchat, Instagram og Facebook). Denne språklege aktiviteten er med på å utvikle kvensk språk, og gjere det relevant for samtida, med ordtilfang og uttrykksformer som både er utvikla av og tilpassa den kvenske ungdommen sjølv. På dei sosiale media til Kvääninuoret har kvensk språk òg vore synleg for ungdom i større grad enn andre stader. Innhaldet der treffer særleg godt kvener som ynskjer å ta språket tilbake. Sidene nyttar ofte tekster eller enkle ord og fraser på både kvensk og norsk slik at nybyrjarar i kvensk òg har utbytte av dei. Desse media har i tillegg vore ein særleg viktig møtestad for kvensk ungdom og kvener generelt under koronaepidemien når naturlege fysiske møtestadar og språkarenaar har falle bort.

Kvääninuoret har vore involvert i ei rekke prosjekt for å synleggjere og arbeide for kvensk språk. Nokre døme er *Kvääniliuusit – Kvenske loser*, eit prosjekt frå 2014-2016 og 2016-2019, der dei kvenske losane reiste rundt på vidaregåande skular, og informerte om kvensk språk og kultur og om rettane til den kvenske minoriteten. Eit anna prosjekt er *Kväänivanthuu – Kvenvotter*, eit digitalt samstrikkeprosjekt i 2020, der oppskrifta til kvenvotten vart omsett til kvensk og språket nytta både skriftleg og muntleg. Kvääninuoret har òg hatt samarbeidsprosjekt med søsterorganisasjonar i Sverige og det russiske Karelen (ungdomsorganisasjonar tilknytte dei nærskylde minoritetsspråka meänkieli og karelsk), til dømes teaterprosjektet «*Kuka mie olen?*» med ein karelsk ungdomsklubb i 2012 og 2013.

xKväänin kielipalkinon voittaja vuona 2021 oon Kvääninuoret.

Kvääninuoret oon maantäkkäävä partiipoliittisesti henkkaamaton nuortenorganisasuuni, mikä oon NKF-RKKn alla (Norske kveners forbund – Ruijan kvääniliitto). Kvääninuoret perustethiin vuona 2008. Kvääninuoret työtelee niin ette luo kohtaamapaikkoi kväänin nuorile ja lujittaaat kväänin nuortenidentiteettiä ja -kulttuuri. Nykynen johtaja oon Åsne Kummeneje Mellem.

Kvääninuorila oon luja interessi siitä ette kväänin kielen ja sen variantit suojelhaan, nostethaan framile ja eistethään. Ei tyhä tradisuunin jälkhiin suulisella ja kirjalisella tavalla, mutta kans yhteyksissä mikkä oon enämen modernit ja digitaaliset. Tässä Kvääninuoret oon aktiivisesti pitänheet Internetti. Kvääninuoret tekkee eriliikasen tärkkeetä työtä niin ette ottaat kväänin kielen myötä tulleevaisuutheen. Het annethaan tukkee ja kuurttoo sukupolvele, mikä aikkoo ottaat kielen myötä, ja het viehään kväänin kielen nykyajan ja tulleevaisuuden kielelisille areenoille.

Kvääninuoret kirjoittaa paljon kväänin kielelä heän nettilaioilla sosiaalisissa meedioissa (Snapchatissa, Instagramissa ja Facebookissa). Tämä kielelinen aktiviteetti oon myötä eistämässä kväänin kieltä, ja tekemässä sen relevantiksi meän aijassa. Het piethään sanna ja ilmaisutappoi mikkä kväänin nuoret itte oon laittanheet ja sovitelheet. Kvääninuorten sosiaalisissa meedioissa oon kväänin kieli kans tullu näkkyväksi nuorile, enämpi ko muissa paikoissa. Sisällys sielä kohtaa kovasti net kväänit, kekkä haluthaan ottaat kielen takasin. Nettilaioissa oon usheen tekstit tahi yksinkertaiset sanat ja fraasit sekä kvääniksi ja norjaksi, niin ette kans het, kekkä oon alkanheet oppiit kväänin kieltä, saahhaan illoo ja pittoo niistä. Lisäksi nämät meediat oon olheet eriliikaisen tärkkee kohtaamapaikka kväänin nuorile ja kvääniile ylheisesti nyt koronan aikana, ko luonoliset fyysiset kohtaamapaikat ja kieliareenat ei enää ole.

Kvääninuoret oon olheet myötä monessa prosektissa niin ette tehä työtä kväänin kielen eestä ja tehä kväänin kielen näkkyväksi. Jokku eksempelit oon *Kvääniluusit*, yksi prosekti vuoesta 2014 vuotheen 2016, ja vuoesta 2016 vuotheen 2019, ko kvääniluusit reisathiin jatkokoulhuin ja muistelthiin kväänin kielen ja kulttuurin ympäri, ja kans kvääniminoriteetin oikeuksista. Toinen prosekti oon *Kväänivantthuut – Kvenvotter*, digitaalinen yhteiskutomaprosekti vuona 2020. Kväänivantthuun reseptin käänettiin kvääniksi, ja kielen piethiin sekä kirjalisesti ja suulisesti. Kvääninuoret oon kans tehneet yhteistyötä sisarorganisasuuniitten kans Ruottissa ja ryssän Karjalassa (nuortenorganisasuunit minkä kielet meänkieli ja karjalan kieli oon kväänin kielen sukukielet), esimerkiksi teatteriprosekti «*Kuka mie olen?*» karjalaisen nuortenklubin kansa vuona 2012 ja 2013.